

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 11.02.21
SAKSHANDSAMAR: Reidun Rasmussen Mjør
SAKA GJELD: **Utviklingsplan for Helse Fonna HF**

STYRESAK: 17/21

STYREMØTE: 18.02.21

1 vedlegg

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

Bakgrunn for saka

Utviklingsplanen er helseføretaket sitt øvste strategiske dokument for korleis vi vil utvikle verksemda for å møte framtidig behov for helsetenester. Planen skal peika på ønska retning for utvikling av verksemda og kva tiltak som er nødvendige for å møte utfordringar i framtida. Gjeldande utviklingsplan for Helse Fonna er for perioden 2019-2022. Styret i Helse Fonna HF fekk i møte 29.10.2021 informasjon om organisering av arbeidet med revisjon av utviklingsplanen og bad om å bli løypande orientert.

Kommunikasjonsplan

Kommunikasjonsplanen for arbeidet med utviklingsplan er eit verktøy for å sikre open og god kommunikasjon i prosessen. Planen skildrar mål, målgrupper, tiltak, bodskap og kanalar. Kommunikasjonsplanen blir oppdatert og utvikla gjennom perioden som arbeidet med planen pågår.

Kommunikasjonsplanen bygger på dei føringane som er gitt i den nasjonale rettleiaren for arbeidet med utviklingsplanar og mandatet for arbeidet med utviklingsplan for Helse Fonna. Prosessen skal vera open, slik at alle som ønsker å følgja den har innsyn. Målsettinga for utviklingsplanen skal vera berande for all kommunikasjon knytt til planen.

Prioriterte pasientgrupper

I tråd med føringar i Nasjonal helse- og sjukehusplan skal utvikling av tenester til pasientar som treng tilbod frå både spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta prioriterast. Dei fire prioriterte pasientgruppene er:

- Barn og unge
- Vaksne med alvorleg psykisk lidning og rusproblem
- Skrøpelege eldre
- Personar med fleire kroniske lidingar

Felles planarbeid med kommunane i forhold til ulike pasientgrupper skjer hovudsakleg gjennom etablerte faglege nettverk og felles prosjekt. I samband med etablering av helsefellesskap vert det vurdert i kva grad eksisterande nettverk samsvarar med nasjonale føringar for kva pasientgrupper som skal prioriterast, og nødvendige tilpassingar vil bli gjort.

Særskilte tema

I samsvar med nasjonale føringar er det peika på særskilte tema som skal omtalast i utviklingsplanen:

- Avklare kapasitetsbehov og organisering av psykisk helsevern
- Gjennomgå akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus saman med kommunane.
- Gjennomgå organisering, leiing og kompetanse i akuttmottaka.
- Sette mål for å flytte spesialisthelsetenester heim til pasientane.
- Lage plan for tilstrekkeleg kompetanse.

Arbeidet med og omtale av områder som særskilt skal vurderast pågår i dei klinikkane som har fått ansvar for oppfølging.

Status tiltak i gjeldande utviklingsplan

I gjeldande utviklingsplan er det peika ut tiltaksområder. Status for desse tiltaka blei gjennomgått i 2019 og vert no gjennomgått på nytt for å kunna bygga vidare på oppdatert status i arbeidet med ny utviklingsplan.

Kommunikasjonsplan for arbeidet med utviklingsplan Helse Fonna HF

Dato:28.01.2021

1.0 Innleiing

Kommunikasjonsplan for arbeidet med utviklingsplan for Helse Fonna er eit verktøy for å sikre open og god kommunikasjon i prosessen. Planen skildrar mål, målgrupper, tiltak, budskap og kanalar. Kommunikasjonsplanen blir oppdatert og utvikla gjennom perioden som arbeidet med planen pågår.

Kommunikasjonsplanen bygger på dei føringane som er gitt i den nasjonale rettleiaren for arbeidet med utviklingsplanar og mandatet for arbeidet med utviklingsplan for Helse Fonna. Prosessen skal vera open, slik at alle som ønsker å følgja den har innsyn. Målsettinga for utviklingsplanen skal vera berande for all kommunikasjon knytt til planen.

Med utgangspunkt i denne kommunikasjonsplanen er det laga ein tiltaksplan for konkrete kommunikasjonsaktivitetar. Både kommunikasjons- og tiltaksplanen blir kontinuerleg oppdaterte.

2.0 Overordna mål

Spesialisthelsetenesta står framfor store endringar og utfordringar i framtida:

- Stadig fleire innbyggjarar med behov for helsetenester
- Strammare tilgang på økonomiske og menneskelege ressursar
- Forventa fagleg og teknologisk utvikling
- Auka forventningar i forhold til tenester

For å kunna handtera desse utfordringane må Helse Fonna gjera nødvendige endringar for å sikre at pasientane også i framtida får hjelp når dei treng det. Målsettinga for utviklingsplanen er å leggja til rette for god og framtidsretta pasientbehandling og god bruk av ressursar for å skape pasienten si helseteneste.

Helse Fonna vil gjennom utviklingsplanen følgje opp føringar som ligg i Nasjonal helse- og sjukehusplan, Helse Vest sin strategi Helse 2035, oppdrags-/styringsdokument og regionale planar. Planen skal vidare bygga på føringar gjort gjennom byggeprosjekt ved Haugesund sjukehus og rapportar frå prosjekta ved Odda sjukehus og Stord sjukehus.

Dei overordna prinsippa for arbeidet med utviklingsplan er:

- Ein open og tydeleg prosess
- Involvering og/eller informasjon til interessentar
- Ein plan for framdrift som er kjend for interessentane
- Gje høve til å påverke og bli høyrtdet der det er aktuelt
- Det skal leggast vekt på forståeleg informasjon

3.0 Målgrupper

Målgrupper er kartlagde gjennom interessentanalyse. Hjulet under er ei visuell framstilling som synleggjer dei ulike interne og eksterne interessentane i forhold til arbeidet med utviklingsplan :



Målgruppene vil ha ulikt behov for involvering og utlikt behov for informasjon, både når det gjeld innhald og hyppigheit. Behovet for involvering og informasjon vil kunne variere under vegs i prosessen.

Interessentanalysen identifiserer dei viktigaste målgruppene og om dei bør *informerst* eller *involverst*. Alle interessentane skal kunne forstå kva som skjer, når det skjer og kva tid avgjerder blir tatt.

3.1 Interne målgrupper

Leiarar, fagmiljø, tillitsvalde og verneombod er viktige interessentgrupper og må vere involvert for å sikre god prosess og godt resultat.

Styret i Helse Fonna er involvert i heile prosessen.

3.2 Eksterne målgrupper

Brukarutvalet og Ungdomsrådet blir involverte og reknast som både intern og eksterne målgruppe.

Pasientar, brukarar og pårørande blir informerte gjennom føretaket sine nettsider. Styresaker om planen blir lagt ut offentleg slik at alle kan lese det.

Kommunane i Helse Fonna sitt opptaksområde er samarbeidspartar som blir involverte i arbeidet gjennom områdemøta. Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Haugalandrådet og Ullensvang kommune vil bli informerte for å sikre at vi når ut til øvste politiske og administrative leiarar i kommunane. Involvering av og informasjon til **fastlegar** vil skje gjennom PKO-ane og kommunelegane.

4.0 Bodskap

Det skal kommuniserast sannferdig, nøkternt og tydeleg med dei ulike målgruppene. Kommunikasjonen skal vera faktabasert, open og transparent.

Bodskap må basere seg på den overordna målsetting for utviklingsplanen, det å leggja til rette for god og framtidsretta pasientbehandling og god bruk av ressursar for å skape pasienten si helseteneste.

4.1 Talspersonar

Det er administrerande direktør og kommunikasjonssjef som er talspersonar.

5.0 Kommunikasjonskanalar

Val av kommunikasjonskanal må tilpassast føremål og målgruppe. Overordna vil det vere naturleg å informere via intra- og internett, medan ein involverer i dialog og møte.

Desse kommunikasjonskanalane vil bli mest brukte i arbeidet med utviklingsplan:

- Interne møter
- Eksterne møter
- Intranett
- Internett/sosiale media
- Informasjonsbrev til kommunane

6.0 Oversikt over kommunikasjonsaktivitetar

Det er laga ein milepelsplan som omtalar alle kommunikasjonsaktivitetane. Denne skal oppdaterast gjennom heile perioden arbeidet pågår.